

Referat frå årsmøte i Lindås Indremisjon 2017

Den 28. febr. 2017 var det årsmøte for Lindås Indremisjon og bedehus i bedehuset. Det møtte 9 medlemmer.

Formannen ønskte velkomen, og vi opna med songen «Ved Jesu føter». Etter bøn las formannen komande søndags tekst frå Matt 4, 1-11, og las ei andakt av Sverre Bøe i tilknytning til teksten. Før ein gjekk over til årsmøtesaker song vi «Kor stort min Gud».

Årsmøtesaker:

Val av ordstyrar: Leif B. Sortland.

Val av referent: Norvald Halland

Årsmelding for Lindås Indremisjon vart gjennomgått av Leif B. Sortland. Samrøystes godkjent.

Rekneskapen for Lindås Indremisjon var lest av Anne Risøy. Samrøystes godkjent.

Årsmelding for Lindås bedehus var lest av Norvald Halland. Samrøystes godkjent.

Rekneskap for Lindås bedehus vart lest av Bjarne Risa. Samrøystes godkjent.

Val. Innstillinga frå valkomiteen vart samrøystes vedteken.

Etter ei matøkt var det samtale om arbeidet.

Det vart drøfta kva ein kan gjera for å nå vidare ut med Guds ord til bygdefolk, unge og eldre korleis ein kan leggja tilrette for godt samarbeid med andre bygder. Også korleis ein kan få til eit godt samarbeid med prestane, og utnytta den kontaktflata ein har gjennom kyrkjelyden. Arnvald orienterte om at det er tatt eit initiativ til eit samråingsmøte på Konglevoll bedehus den 15. mars, der prestane vil vera med og dei kringliggjande indremisjonsforeningar og Misjonsmenigheten på Lindås vert invitert.

Det vart halde fram som viktig at Lindås Indremisjon vel utsendingar til årsmøtet i Nordhordland Indremisjon, som skal vera på Frekhaug 9.-11- juni 2017.

Det kom framlegg om at samtalen om arbeidsformer vert drøfta vidare på eit seinare medlemsmøte.

Vedlegg:

Innstillinga frå valkomiteen

Utdrag av dei siste års rekneskap.

Lindås, 1. mars 2013

Norvald Halland

(ref.)